



Kvam herad  
Grovagjelet 16  
5600 NORHEIMSUND

Dato: 30.05.2018  
Vår ref.: 2014/13889-110  
Saksbehandlar: evevaul  
Dykkar ref.:

Att. Lars Ese Ur

## Orientering om vedtak: Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) inviterte kommunane til å søke om å delta i arbeidet «Trafikksikker kommune» innan 15. mars 2018. Til fristen kom det inn søknad frå Kvam herad.

I FTU sitt møte 17. april 2018, vart det i sak 22/2018 gjort følgjande vedtak:  
«Fylkestrafikksikringsutvalet vedtek å inngå intensjonsavtale med Kvam herad om å verte trafikksikker kommune.»

Full saksgang følgjer etter dette brevet. De kan også finna saksdokument og vedtak her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=702>

### Oppstart av arbeidet i heradet

Fylkeskommunen og Trygg Trafikk ønskjer å starte opp arbeidet med Kvam herad så snart som råd. Ut frå dette ser vi føre oss følgjande framdriftsplan for oppstart av arbeidet:

1. Orientering om Trafikksikker kommune i heradsstyret, formannskapet eller rådmannen si leiargruppe.
2. Signering av intensjonsavtale mellom heradet, Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune.
3. Heradet set saman ei tverrfagleg arbeidsgruppe der alle einingane er representert.
4. Leiaren av den tverrfaglege arbeidsgruppa bør kjenne godt til organisasjonen, og vere kopla tett til heradsleiinga. Ofte har ein folkehelsekoordinator ein slik posisjon.
5. Fyrste møte (oppstartsmøte) mellom arbeidsgruppa, Trygg Trafikk og fylkeskommunen finn stad.

Fylkeskommunen ber om snarleg tilbakemelding om heradet ønskjer ei orientering i politisk utval, og aktuell dato for dette. Signering av intensjonsavtalen kan gjerne finne stad i dette møtet. Dernest ønskjer fylkeskommunen forslag om aktuelle datoar for oppstartsmøte.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/13889-104

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	22/18	17.04.2018

## Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet

## Samandrag

Arbeidet «Trafikksikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka innanfor systematiske trafikksikringstiltak i denne planperioden, jf Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med tilhøyrande Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

*Hordaland fylkeskommune følgjer her måлтаlet om antal kommunar som er sett i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 for perioden, men ønskjer minimum 3 kommunar.*

I 2018 er det sett av 275.000 kr. til «Trafikksikker kommune». Midlane vert disponert av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal har delteke i dette pilotprosjektet. Vaksdal kommune vart godkjent som trafikksikker kommune i januar 2016, medan dei to andre kommunane vart godkjent innan sommaren 2016. Då prosjektet gjekk over i ordinær fase vart det signert intensjonsavtale med kommunane Bømlo, Kvinnherad og Sund. Bømlo kommune vart godkjent i november 2017, og dei to resterande kommunane vert godkjent innan det neste halvåret.

Fylkestrafikksikringsutvalet inviterte kommunane til å søke innan 15. mars 2018 om å delta i arbeidet. Innan fristen kom det inn ein søknad.

**Økonomi:** Tiltaket «Trafikksikker kommune» ligg inne med 275.000 kr i årsbudsjett for FTU (politisk sak 5/2018, vedtatt 20. februar 2018. Kvar kommune får utbetalt kr. 25.000 ved signering av intensjonsavtale, og kr. 75.000 når godkjenning som trafikksikker kommune er oppnådd.

**Klima:** *Betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føra til at fleire vel å gå eller sykla, i staden for å køyra bil.*

**Folkehelse:** *Gjennom «Trafikksikker kommune» skal kommunane førebygga ulykker og gjennomføra opplæringstiltak som fremjar sykling.*

**Regional planstrategi:** *Satsing på trafikktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.*

## Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer å inngå intensjonsavtale med Kvam herad om å verte

trafikksikker kommune.

### **Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 17.04.2018**

**Stein Inge Ryssdal, fl H/V**, gjorde framlegg om å endre ordet «ønskjer» med ordet «vedtek» i forslag til vedtak, og at det vert gjort som ei redaksjonell endring. Fylkestrafikksikringsutvalet slutta seg til dette.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet vedtek å inngå intensjonsavtale med Kvam herad om å verte trafikksikker kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 03.04.2018**

#### **Bakgrunn**

Arbeidet «Trafikksikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka innanfor systematiske trafikksikringstiltak i denne planperioden, jf Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med tilhøyrande Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

*Hordaland fylkeskommune følgjer her måлтаlet om antal kommunar som er sett i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 for perioden, men ønskjer minimum 3 kommunar.*

I 2018 er det sett av 275.000 kr. til «Trafikksikker kommune». Midlane vert disponert av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune-prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal har delteke i dette pilotprosjektet. Vaksdal kommune vart godkjent som trafikksikker kommune i januar 2016, medan dei to andre kommunane vart godkjente innan sommaren 2016. Då prosjektet gjekk over i ordinær fase vart det

signert intensjonsavtale med kommunane Bømlo, Kvinnherad og Sund. Bømlo kommune vart godkjent i november 2017, og dei to resterande kommunane vert godkjente innan det neste halvåret.

Fylkestrafikksikringsutvalet inviterte kommunane i Hordaland, med frist 15. mars 2018, til å søke om å delta i arbeidet. Innan fristen kom det inn ein søknad.

### **Kort om trafikksikker kommune**

Trafikksikker kommune skal vere eit systembasert trafikksikringsarbeid i kommunen. For å kunne verte godkjent som *trafikksikker kommune*, må kommunen kunne oppfylle eit sett kriterium som er omfattande og femnar breitt i alle ledd i organisasjonen. Kriteria byggjer på gjeldande lover og forskrifter, og omhandlar organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarleggjering innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordførar som øvste ansvarlege. Godkjenninga varer i 3 år. Meir informasjon finn ein på Trygg Trafikk sine heimesider (<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>).

### **Erfaringar frå FTU sitt arbeid med Trafikksikker kommune**

Alle dei fire godkjente kommunane hadde ei forankring i kommunestyret/formannskapet før intensjonsavtalen vart underskrive av ordføraren. Dette er ikkje eit krav, men det er sjølvstøtt ønskeleg med ei brei forankring. Ser ein på erfaringa siste åra er det ein stor fordel med god forankring både på administrativt og politisk nivå i kommunen.

*Trafikksikker kommune* er som kjend eit arbeid som legg til grunn ei tverrsektoriell forankring, og der alle einingane skal kartleggjast og planar skal etablerast. Erfaringane så langt er at prosessen går lettare der alle einingane er representert i den tverrfaglege gruppa. Og i særleg grad er eininga for oppvekst viktig, i og med at denne omfattar alle kommunale barnehagar og skular. Oppvekst bør difor koplust særleg tett på arbeidet. Leiaren av den tverrfaglege gruppa bør kjenne godt til organisasjonen, og vere koplust tett til den kommunale leiinga. Ofte har ein folkehelsekoordinator ein slik posisjon.

Ei av erfaringane er at arbeidet med å følgje opp kommunane krev noko ressursar både frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune. Avhengig av storleiken og noverande status på trafikksikringsarbeidet hjå kommunane ligg det ei viss avgrensing i kor mange kommunar som kan følgjast opp om gongen.

For kommunane sin del så krev arbeidet at det vert sett av nok tid og ressursar, både hjå den som leiar arbeidet (prosjektleiaren) og dei ulike einingsleiarane. Kartleggingsarbeidet kan i nokon grad vere ganske omfattande, og det er krevjande å skulle rettleie og følgje opp dei ulike einingane. I sluttfasen, før godkjenninga, er det eit større arbeid å kvalitetssjekke dokumentasjonen frå dei ulike einingane, og samle alt i ein sluttdokumentasjon til oversending.

Det er svært avgrensa kva midlar kommunen treng inn i arbeidet for å kunne oppfylle kriteria for å verte trafikksikker kommune, ettersom arbeidet er av organisatorisk art.

Trafikksikker kommune har eit fokus på det organisatoriske og haldningsskapande trafikksikringsarbeidet. Det er difor eit mål at dette går tydeleg fram i den kommunale trafikksikringsplanen. Nokre kommunar har allereie «Trafikksikker kommune» som eit av sine satsingsområde i den kommunale trafikksikringsplanen, og har med det eit forankra ønske om å starte opp arbeidet med bistand frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune.

### **Om søknadskommunen**

#### *Kvam herad*

Kvam herad har forankra målet om å verte godkjent som trafikksikker kommune i trafikksikringsplan av 2016. Der er det sett eit effektmål i planen om at kommunen skal verte godkjent innan utgangen av 2019. Kommunen synes å ha relativt god kjennskap til trafikksikker kommune, og kva dette arbeidet inneber. Kommunen har ein eigen folkehelsekoordinator.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen ser at mange av kommunane er i store prosessar, mellom anna kommunesamanslåingar, noko som gjer at det kan vere krevjande å ta til med arbeidet «Trafikksikker kommune» i tillegg. Det er mogleg dette er noko av årsaka til at det berre har kome inn ein søknad om å delta i arbeidet.

Med grunnlag i dei erfaringane som er gjort, så krev det tid og ressursar å følgje opp kommunane som arbeider fram mot å verte godkjente som trafikksikker kommune. Trygg Trafikk har meldt at dei kan klare tre-fire kommunar i 2018.

Dette er likevel ikkje til hinder for at kommunane på eigen kjøp kan starte opp arbeidet, og då i fyrste omgang den noko omfattande kartlegginga av dei ulike einingane i kommunen. Dette er uansett eit arbeid som kommunen sjølv skal gjere i løpet av prosessen. Slik sett så vil dei stille sterkare neste gong fylkeskommunen inviterer fleire kommunar med i arbeidet.

Ut frå dette vurderer fylkesrådmannen det slik at Kvam herad er ein klår kandidat til å delta. Kvam herad har forankra arbeidet bra, viser ei god organisering av arbeidet, jf trafikksikringsplanen, og har i prosessen fram til søknaden vart sendt hatt ein svært god kontinuitet i arbeidet.

Fylkesrådmannen vil halde Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) orientert om arbeidet, og dersom det er grunnlag for det, vil det vurderast å invitere inn fleire kommunar i haust.